



# KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

## MØTEPROTOKOLL

Møte nr: 3/17  
Møtedato: 12.6.2017  
Tid: Kl. 13.00 – kl. 15.40  
Møtestad: Tresfjord trygdeheim/Kommunestyresalen, Vestnes kommunehus  
Sak nr: 17/17 – 20/17  
Møteleiar: Stig Holmstrøm, leiar (Ap)  
Møtande medlemmer: Gro Ødegård, nestleiar (H)  
Dagfinn Wiik (Pp)  
Frank Ove Belsvik (Frp)  
Forfall: Birgit Torkildson Grotle (Ap)  
Ikkje møtt: Lars Christian Fjørtoft (V)  
Møtande vara: Ingen  
Frå sekretariatet: Jane Anita Aspen, daglig leder  
Frå revisjonen: Ingen  
Av øvrige møtte: Tone Roaldsnes, administrasjonssjef (under OS 23/17)  
Helene Gjerde Bø, einingsleiar Tresfjord trygdeheim (verksemdbesøk)  
Anne Iversen, hjelpeleiar Tresfjord trygdeheim (verksemdbesøk)

Møtet starta med verksemdsbesøk ved Tresfjord trygdeheim.

Tilbake på kommunehuset ønska leiaren velkommen og leia møtet.

Det framkom ingen merknader til innkalling. Det vart fremja forslag om ei ekstra referatsak RS 20/17 og at orienteringa knytt til OS 23/17 vart halden først i møtet. Sakliste vart godkjent med desse endringane.

### TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 17/17	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 2. MAI 2017
PS 18/17	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 19/17	OPPFØLGINGSLISTE
PS 20/17	EVENTUELT

<b>PS 17/17</b>	<b>GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 2. MAI 2017</b>
-----------------	--

### Kontrollutvalet sitt vedtak

Protokollen frå møte 2. mai 2017 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Gro Ødegård
2. Frank Ove Belsvik

## Kontrollutvalet si handsaming

Gro Ødegård og Frank Ove Belsvik vert peika ut til å underskrive protokollen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande)

<b>PS 18/17</b>	<b>REFERAT OG ORIENTERINGAR</b>
-----------------	---------------------------------

## Kontrollutvalet sitt vedtak

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

## Kontrollutvalet si handsaming

### Referatsaker:

- RS 16/17      **Etterlysing av tilbakemelding til Vestnes kommune på tilsyn med rettsryggleik ved bruk av tvang og makt overfor personar med psykisk utviklingshemming** – Brev datert 9.5.2017 frå Kontrollutvalet i Vestnes kommune til fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- RS 17/17      **Årsreknescap 2016**, saksprotokoll frå Vestnes kommunestyre 29.5.2017, sak 38/2017.
- RS 18/17      **Innkalling til ordinær generalforsamling i Tremek AS 7.6.2017**, innkalling datert 19.5.2017.
- RS 19/17      **Protokoll frå styremøte i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal, 4.5.2017** . Utvalsleiar gjer utvalet merksam på at det vert planlagt ein opplæringsdag i veke 34 el. 35 for kontrollutvalsmedlemmer/varamedlemmer. Tema er kommuneøkonomi og foredragshaldar vert Åge Sandsengen.
- RS 20/17      **Innkalling til ordinær generalforsamling i Vestnes Energi AS 22.6.2017**, innkalling datert 7.6.2017.  
Vart delt ut i møte

### Orienteringssaker:

- OS 21/17      **Verksemdsbesøk ved Tresfjord Trygdeheim**  
Utvalet fekk innleiingsvis omvising i lokala av einingsleiar Helene Gjerde Bø og hjelpeleiar Anne Iversen  
Utvalet hadde før møte satt opp nokre stikkord for kva det var ønska orientering om. Einingsleiar Helene Gjerde Bø gav utvalet ei grundig orientering. Bø og Iversen svarte på spørsmål frå utvalet undervegs i omvisinga og orienteringa:  
- Organisering av verksemda  
Helene Gjerde Bø er einingsleiar for Vestnes sjukeheim og Tresfjord trygdeheim. Ved Tresfjord trygdeheim er det 22,5 % årsverk. Dette er irekna kjøkkenpersonale, vaskeriteneste og reinhald. Reinhaldarar vert leigd inn frå eksternt firma.  
I tillegg til 100 % stilling, fagansvarleg sjukepleiar er det tre sjukepleiarstillingar i 90%, 87 % og 80% stilling ved Tresfjord trygdeheim.  
Det er to nattevakter, men ikkje sjukepleiar på natt. Ved behov så tilkallar dei heimetenesta.

Kjøkenpersonale har ansvar for tilrettelegging av alle måltid. Middag vert levert frå sentralkjøkenet.

Trygdeheimen har 50 % stilling som aktivitør.

Vaskeritenesta har ansvar for vask av privat tøy for bebuarar ved Vestnes sjukeheim og Tresfjord trygdeheim.

Trygdeheimen har også tilgang på vaktmesterteneste fire dagar i veka.

Tilsynslegen er på trygdeheimen en dag i veka og går legevistitt.

Det er 50 % merkantil stilling knytt til trygdeheimen.

Bygget har to etasjar. Det er 26 bebuarar ved institusjonen. Kvart rom har eige toalett og te-kjøken. Bad/dusj er felles for bebuarane, eitt badrom i kvar etasje.

- Utfordringar ved drifta

Det er eit gammalt bygg som manglar ventilasjon. Toalettromma er tronge og det er felles bad/dusj for bebuarane i kvar etasje.

I periodar har det vore utfordring å få tak i tilstrekkeleg fagkompetanse, men for tida er dei godt stilt.

- Har bebuarane tilbod om rett tenestenivå? Dvs. er det nokon som heller burde hatt sjukeheimplass eller heimetenester?

Einingsleiar seier at generelt er ikkje pasientane «trygdeheimspasientar», slik det var tidlegare. Dei er pleietrengande. Dersom nokon har behov for fleire tenester, så vert det gjort ei vurdering også saman med pårørande, om det er betre å flytte over på sjukeheimen. Ofte opplever dei at pasientane ønskjer å vere i ro på trygdeheimen framfor å flytte over til sjukeheimen, t.d. i siste fase av livet. Personalet strekker seg langt for å få til dette, så lenge dei kan gje ei fagleg forsvarleg teneste.

Trygdeheimen har stort sett berre langtidspasientar. Det er sjeldan dei får nokon direkte frå sjukehus. Pasientar frå sjukehus kjem ofte til korttidsavdeling.

- Trivselsfaktorar for tilsette og bebuarar

Aktivitetsrommet «Hobbyen» er ein stor trivselsfaktor. Blant trivselsfaktoren blir nemnd basar som blir arrangert årleg. Konsertar er også ein trivselsfaktor. I tillegg så er det ei aktiv pårørandegruppe som bidreg med bl.a. vårfest og lutefisklag. Lokalsamfunnet elles bidreg også. Personalet er flinke til å pynte og gjere det triveleg for bebuarane. Trygdeheimen har også ein «Frisørsalong» som personalet betener. Bebuarane set stor pris på å komme i salongen å få stelt håret sitt.

- Sjukefråvær

Sjukefråværet er relativt høgt, og for tida høgare enn på Vestnes sjukeheim. Dersom det er langtidfråvere hos nokre personar med stor stillingsprosent, så slår det ut på statistikken. Einingsleiar seier at noko kanskje kan vere relatert til arbeidssituasjon, t.d. sjukemeldingar knytt muskel og skjelettplagar. Einingsleiar seier at personalet gjev uttrykk for at det er ein arbeidsplass der dei tilsette trives.

- Rutinar for t.d. medisinhandtering, brannvern osv.

Einingsleiar opplyser at det er skriftlege rutinar for handtering, opplæring og oppbevaring av legemiddel. Det er lite avvik som er rapportert på medisiner.

Rutinar for brannvern er også på plass, og det vert arrangert brannøvingar. Ved Tresfjord trygdeheim er dei nyleg starte med å bruke Risk management, men det vert rapporterer avvik i CostDok. Dei vanlegaste avvika ved Tresfjord trygdeheim er knytt til fallulykker.

Utvalseleiar Stig Holmstrøm takka for ei grundig orientering.

OS 22/17 **Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal – Årsmelding for 2016.**

OS 23/17 **Innkalling til møte om Vestnes kommune sitt arbeid med å rette avvik frå tilsyn med rettsryggeleik ved bruk av tvang og makt overfor enkelt personar med psykisk utviklingshemming** – Brev datert 19.5.2017 frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal til Vestnes kommune  
Utvalet hadde bede administrasjonssjef om å gje ei orientering frå møte med fylkesmannen 6.6.2017.  
Administrasjonssjef Tone Roaldsnes og ordførar Geir Inge Lien hadde 6.6.2017 møte med fylkesmannen om oppfølging av tilsynet.  
Administrasjonssjefen reagerer på at fylkesmannen har blanda inn stadlege tilsyn i det systemtilsynet som kommunen har arbeidd med å lukke sidan 2011, dette vart tatt opp i møte med fylkesmannen. Assisterande fylkesmann hadde beklaga at kommunen ikkje hadde fått svar på brevet som var sendt i oktober 2016. Kommunen var i møte lova svar på dette innan kort tid.  
Undervegs i kontrollutvalsmøte vart det tatt opp behov for å lukke møtet av omsyn til personvernet.

Det vart framlagt forslag om å lukke møte under denne delen av orienteringa jf. kommunelova § 31 pkt. 4.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak om å lukke møtet i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (4 voterande)

Etter denne delen av orienteringa var avslutta, så vart møtet opna att.

Kontrollutvalet vil følgje saka vidare til kommunen har motteke svar frå fylkesmannen på om avvika som vart avdekt i 2011 er lukka.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande).

<b>PS 19/17</b>	<b>OPPFØLGINGSLISTE</b>
-----------------	-------------------------

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

**Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma**  
Det vert i Vestnes kommune si årsmelding 2015 gjeve informasjon om at kommunen framleis arbeider med å lukke avvik som vart avdekt i tilsyn som fylkesmannen gjennom-førte i 2011 ved Bu- og habiliteringstenestene. Det vart avdekt alvorlig svikt i internkontroll og styrings-systemet til kommunen. Administrasjonssjefen forventar å få lukka avvika i løpet av våren 2016. Kontrollutvalet ønskjer å få ei orientering frå administrasjonen om dette området i kontrollutvalet sitt møte 16.11.16  
**12.06.17:** Det vart 09.05.17 sendt brev frå kontrollutvalet (KU) til fylkesmannen (FM) der det vart etterlyst svar til kommunen. FM kalla i brev 19.05.17 inn kommunen til møte. Adm.sjef. orienterte KU frå dette møte, jf. OS 23/17. KU vil følgje saka til kommunen har fått svar på lukking av avvik frå tilsyn i 2011.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Leiar gjekk i gjennom dei sakene som står i oppfølgingslista.

Til dette møtet var det lagt opp til orientering frå administrasjonen knytt til:

- **Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma**  
Administrasjonssjef Tone Roaldsnes orienterte jf. OS 23/17.

Det vart ikkje fremja forslag om å føre opp nye saker på oppfølgingslista.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (4 voterande)

### **Sekretariatet si tilråding**

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

<b>PS 20/17</b>	<b>EVENTUELT</b>
-----------------	------------------

### **Referat frå Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sit årsmøte og fagsamling 7.-8. juni i Tromsø.**

Utvalsleiar Stig Holmstrøm og utvalsmedlem Dagfinn Wiik gav utvalet referat frå samlinga.

Stig Holmstrøm  
leiar

Gro Ødegård  
nestleiar

Dagfinn Wiik

Frank Ove Belsvik

Jane Anita Aspen  
sekretær